



Villreinutvalet for Nordfjella

VILLREINJAKTA I NORDFJELLA 2023

FELLINGSKVOTE OG FORDELING

Fellingskvoten for Nordfjella er på 80 dyr. Alle fellingsløyve gjeld bukk 1 ½ år og eldre, men i staden for bukk kan det fellast kalv av begge kjønn. Simler skal ikkje fellast i år.

JAKTTID

Villreinutvalet har fastsett jaktperioden frå og med 20. august til og med 20. september, med nattefreding kl. 19.00-07.00.

SAMJAKT

Det er inngått samjaktavtale mellom Aurland, Hol og Ulvik. Denne gjeld frå og med måndag 28. august og ut jakta, alle dagar.

PRØVETAKING OG UTFYLING AV OPPLYSNINGAR

Jeger skal ta hjerne- og lymfeprøver frå alle felte dyr, med unnatak av kalvar. Prøvene skal merkast med merkelappnummer og sendast til Veterinærinstituttet. Jeger skal rapportera opplysningane om felt dyr, inkl. strekkode for cwd-prøve, på www.hjorteviltregisteret (sett- og skutt). Ver nøyen med utfylling av alle opplysningar! Registrer felt villrein på det valdet som kortet er utskrive på (står på kontrollkortet), og ikkje det valdet dyret er felt på om kortet er nytta på anna vald. Pass på at kontrollkortet og vert rett utfylt før innlevering!

KJEVAR

Jegerane skal levera kjevar av alle felte dyr som er 1 år og eldre. Innsamling følgjande stader:

- Hol: Kasse ved garasjen i Brubotn og ved bommen på Haugastøl
- Aurland: Fiskehuset i Fossheim og kasse ved garasjen i Brubotn
- Ulvik: Osafjellet, i krysset mellom Langavatnet og Rundavatnet

VEGING AV FELTE DYR

Vekt er eit viktig kvalitetsmål for villrein. Det er difor ynskeleg å få registrert slaktevekt på så mange dyr som mogleg - obligatorisk på kalv. Rapportar vekta i Hjorteviltregisteret/sett-og-skutt.

SJUKE ELLER SKADDE DYR

Meld frå om du ser sjuke eller skadde dyr. Jegerar som ser sjuke eller skadde villrein skal så snart som mogleg melda frå til oppsynet. Dette gjeld og funn av daude villrein. Noter koordinatar, og ta gjerne bilde. Er dyret tydeleg sjukt eller skadd, må du vurdere om dyret skal avlivast. Feller du eit slikt dyr; ta alltid hjerne- og lymfeprøve slik at dyret kan undersøkast for skrantesjuke. Frakt ikkje ut andre delar av dyret utan løyve.

KONTAKT OPPSYN

Oppsynsleiar Håkon Øydvin – 99567650.

Oppsynssentral Skinnarbu: 815 32 450